

Klimaendringane er langsiktige – og menneskeskapte!

Oppliver verda no reelle klimaendringar som i tillegg er menneskeskapte? Desse spørsmåla har vore tema i fleire innlegg i Sogn Avis siste tida.

Norsk klimapolitikk bygger på at svaret på desse spørsmåla diverre er ja. Konklusjonane i dei siste rapportane frå FN's klimapanel (IPCC) seier at det er svært sannsynleg («extremely likely») at menneskeskapte utslipp har vore den dominerande årsaka til den observerte auken i global gjennomsnittstemperatur sidan midten på 1900-talet.

Den norske politikken kjem til uttrykk i det siste klimaforliket på Stortinget i 2012, den politiske plattformen frå dagens regjering, og samarbeidsavtalen med Venstre og KrF. I dag er det såleis tverrpolitisk semje om at Noreg skal ha ein offensiv og ambisiøs klimapolitikk. Målet er eit langsiktig arbeid mot eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Regjeringa har nyleg gjort framlegg om at Noreg innan 2030 skal kutte i utsleppa med inntil 40 prosent samanlikna med nivået i 1990. Det står likevel att ein del når det gjeld konkrete tiltak.

Fylkesmannen har som oppgåve å informere og rettlege kommunane om tiltak for å redusere utslipp av klimagassar og få lokalsamfunna tilpassa eit endra klima. Gjennom leiing og deltaking i det nasjonale klimatilpassingsutvalet (Flæte-utvalet), har vi vore spesielt involvert i arbeidet med klimatilpassing og samfunnstryggleik.

Fylkesmannen deltek aktivt saman med fylkeskommunen og KS for å gjennomføre tiltaka i den regionale planen for klima, vedteken i Fylkestinget. Vestlandsforskning har bidrege med viktig forskar kompetanse. Høgskulen i Sogn og Fjordane har også vore aktive, ikkje minst i arbeidet for å få på plass ei

masterutdanning innan klimatilpassing i samfunnsplanlegginga. Sogn og Fjordane blir ofte trekt fram som døme på godt regionalt samarbeid innan klimaområdet. Vi bør vere stolte av at innsatsen her i fylket blir lagt merke til på nasjonalt nivå.

Noreg, EU og dei fleste landa i verda har som målsetjing at den globale gjennomsnittstemperaturen skal avgrensast til to grader over temperaturen i den førindustrielle tida. Den globale gjennomsnittstemperaturen har likevel alt auka med 0,85 grader (jf. klimapanelet sin femte hovudrapport, nov. 2014). Og utan monalege tiltak er det venta



MENNESKESKAPT: FN's klimapanel (IPCC) er likevel heilt tydeleg på at klimaendringane vil føre til auke både i frekvensen av ekstreme vêr- og klimahendingar, og intensiteten i dei, heiter det i dette innlegget. (Arkiv)

at temperaturen vil stige kraftig ut over togradarsmålet. Dette vil i så fall få store konsekvensar.

Dei mange tilfella av ekstremvêr dei siste åra, som ikkje minst har råka Vestlandet, får mange til å kople uvêret til moglege endringar i klima. Vêret varierer frå år til år, og vil gjere det i framtida òg. Det er difor vanskeleg å seie sikkert om dei ekstremvêrepisodane som har råka oss til no, skuldast klimaendringar eller naturlege variasjonar. FN's klimapanel (IPCC) er likevel heilt tydeleg på at klimaendringane vil føre til auke både i frekvensen av ekstreme vêr- og klimahendingar, og intensiteten i dei.

Klimaendringane er langsiktige og må såleis vurderast over eit langt tidsrom. IPCC slår fast at verda dei siste tiåra har sett endra nedbørsmønstre, og smeltande snø og is har påverka både vasstilgang og vasskvalitet fleire plassar. Permafrost har tina. Og ikkje minst: Havet har blitt varmare; det har stige i gjennomsnitt 19 cm, og det er blitt surare tilhøve i havet.

Vi oppfatar at Meteorologisk institutt er samd med IPCC om at klimaet er i endring, og kva som er årsaka til det. På heimesida til instituttet står det at observasjonar viser at den globale gjennomsnittstemperaturen stig, og at temperaturauken dei siste 50 år har vore spesielt stor. Sidan 1960-talet er det ikkje registrert endring i

andre kjente forhold som kan forklare den globale oppvarminga, heller ikkje endring i solaktivitet. Instituttet seier difor at det ikkje er mogleg å forklare den observerte auken i temperatur, utan å ta med verknaden av auka konsentrasjonar av drivhusgassar, og at auken i konsentrasjonane stort sett skuldast menneskeleg aktivitet.

Meir enn 90 prosent av all oppvarming av jorda er varme lagra i havet. Dette skuldast at dei store havområda kan ta opp og lagre enorme mengder med varme. Den anerkjende klimaprofessoren Helge Drange ved Universitetet i Bergen meiner at det varme havet gir oss tydelege

signal om kva som vil skje framover: «Oppvarmingen av Stillehavet betyr at global overflatetemperatur vil øke fremover. Dette bidrar til at 2014 anten vil bli et rekordvarmt år globalt, eller svært nær et rekordvarmt år» (VG 21.11.2014).

Denne bakgrunnsinformasjonen ligg til grunn for at så godt som alle landa i verda er svært opptekne av å få fram gode løysingar på klimautfordringane. Og verknadene av eit endra klima følgjer ikkje landegrenser eller andre administrative grenser! Her i nord vil vi måtte rekne med meir vind og regn. Og lenger sør i verda vil område som allereie i dag er spesielt

utsette for anten tørke eller flaumar, få endå større problem.

Forskarane er så sikre som ein forskar kan bli på at det er utsleppa våre som er hovudårsaka til temperaturauken, og det er berre vi menneske som kan løyse problemet. Vi må først og fremst snu utsleppspila, men det hastar også å tilpasse samfunnet til eit endra klima!

Haavard Stensvand
Fylkesberedskapssjef

Nils Erling Yndesdal
Miljøverndirektør
Leikanger

Om høgskulen og tvang

På morgonkvisten 26. februar kunne NRK Sogn og Fjordane melde at underteikna «ikkje utelukkar» tvangssamanslåing av høgskular. Erfaringsmessig skal ein vere skeptisk når journalistar skriv at politikarar «ikkje utelukkar» noko. Det er som regel eit teikn på at journalisten, trass iherdige forsøk, ikkje har lukkast med å få politikaren til å gje han vinklinga han hadde bestemt seg for på førehand.

Spørsmålet NRK stilte meg ein femten-seksten gonger, var variantar over formuleringa «ønskjer Venstre tvangsfusjon av Høgskulen i Sogn og Fjordane?». Og eg sa, minst like mange gonger, at Venstre meiner frivillig

medverknad gir dei beste resultatane, at tvang sjeldan fører noko godt med seg, og at vi vil lytte svært nøye til kva høgskulen sjølv meiner.

Men på spørsmål om Venstre uansett, i alle tilfelle, utelukkar tvangsfusjonar, kan vi vanskeleg svare nei. Det er trass alt Stortinget som finansierer og har ansvar for institusjonane våre, og vi kan sjølv sagt ikkje prinsipielt sjå bort frå at landets nasjonalforsamling kan styre struktur innan universitets- og høgskulesektoren.

For å underbygge vinklinga si, kunne NRK også opplyse om at fylkesårsrådet i Venstre nylig forkasta eit resolusjonsforslag om å støtte Høgskulen i Sogn og Fjor-

dane. Det er for så vidt rett at årsmøtet, pressa på tid, ikkje prioriterte å ta denne resolusjonen opp til realitetshandsaming. Men til orientering for NRK var underteikna ein av delegatane som røysta for å handsame fråsegnane.

Dersom dette, samt dei femten første svare mine i intervjuet, var del av NRK si sak, ville det nok gått rimeleg klart fram kva mi haldning til ein mogleg tvangsfusjon av Høgskulen i Sogn og Fjordane faktisk er. Sidan det ikkje kom fram i den aktuelle saka, nyttar eg høvet til å presisere synet mitt her.

Sveinung Rotevatn
Stortingsrepresentant for
Venstre